

Memoar.no

Alle har ei forteljing å dele



Krafttak for munnleg historie ("oral history") i Hordaland

Søknad om utviding til 3-årig prosjekt

Som me skreiv i søknaden 30/6 2016, trudde me at eit kulturelt utviklingsprosjekt for å få opp interesse, kompetanse, infrastruktur og organisasjon rundt munnleg historie i Hordaland, ville krevja meir enn eitt års arbeid.

Me fekk tilsagn om støtte på kr. 200.000,- i november 2016 og sette umiddelbart igang arbeidet. Per 30/5 2017 har prosjektet pågått i seks månader. Det har vore ein svært aktiv og interessant periode som har stadfesta at det er behov for ein treårig utviklingsprosjekt. Denne søknaden er ei oppsummering av fyrste halvår, ein meir konsentrert plan for resten av 2017 og 2018, eit halvårsrekneskap for perioden november 2016-mai 2017 og eit budsjett for perioden juni 2017 til oktober 2018.

Framdriftsrapport halvegs i år 1

Tildelinga av KUP-midler til vårt «Krafttak for munnleg historie i Hordaland» i november i fjor, var ei stor inspirasjonskjelde. Me kom raskt igang, for planane var klare og me har møtt gledeleg interesse frå framtidige samarbeidspartnarar rundt i heile fylket.

Me som lever no er dei fyrste generasjonane i historia der "vanlege folk" kan leggja etter seg munnlege uttrykk i lyd- og biletformat i stort omfang. Dei nye opptaksteknologiane - magnetofonen frå 1930-talet, kassettspelaren frå 1960-talet og dei digitale lyd- og videoopptakarane i vår tid - er forklaringa på ei spennande internasjonal utvikling innan kulturvitskap, historie, samfunnsfag og frivillig kulturarbeid. «Oral history» har vakse fram, ikkje berre som eit nytt folkeleg og profesjonelt kulturfelt, men også som eit akademisk fagområde.

Som tidlegare nemnt, har me mangla eit tilsvarande utvikling i Noreg. Men mykje tyder på at det losnar no – og at krafttaket i Hordaland vert lagt merke til elles i landet. Veldig kort kan me oppsummera dette:

Formidling og deltaking:

Memoar har valt mottoet «*Alle har ei forteljing å dela*». Dette har vist seg å appellera sterkt, både til forteljarar og til det me kallar «minnesamlarar». Det mest synlege provet på dette fekk me den 26 mars i år, på Bergens Sjøfartsmuseum. Der sat åtte gamle sjøulkar frå heile Hordaland og fortalde for eit stappfullt museum om minne frå gullalderen i norsk sjøfart – og endringane som gjorde slutt på han. Alle åtte hadde frå før blitt grundig intervjuet ein og ein, og forteljingane deira er gjort tilgjengelege for alle interesserte gjennom nettsida Sjofart.Memoar.no.

Alle som var til stade fekk demonstrert kor mykje kunnskap og livserfaring som finst i ei slik gruppe, og kor engasjerande det er å vera til stade når primærkjeldene sjølve formidlar nær historie gjennom forteljingar om levd liv – på sju hav og i hundre hamner.

Sjøfolka er eit døme på noko som gjeld svært mange yrkesagrupper og andre «subkulturar» i fylket: Teknologi og organisasjon endrar seg – men historiene vert berre i liten grad bevart i skriftlege kjelder. «Taus kunnskap» er ikkje mykje taus, når berre dei som har han kjem til orde og orda vert tatt vare på. Det er dette som gjer munnleg historie til ei så viktig kulturminnevern.



Nye «forteljarpanel» under utvikling:

Truleg må me laga eit nyord for denne typen kulturarrangement, for sjølv om forteljingar om levd liv truleg er den vanlegaste og eldste kulturforma som finst, så manglar me eit ord for slike organiserte framføringar. Men mange har tent på forma og ideen. I løpet av det fyrste halvåret i krafttaket er fylgjande prosessar i gang:

- **Lokal historie i Sund:** Saman med Sund Folkebibliotek, Sund Sogelag og kultureininga i Sund Kommune har Memoar starta opp eit arbeid for å ta vare på opptak av kunstene til nokre av dei mest kjende forteljarane i Sund. Dei fyrste opptaka vert gjort i mai 2017, med fokus på skule- og husflidshistorie. Seinare i sommar eller tidleg haust skal me gjennomføra eit kurs for å få fram fleire aktive minnesamlarar. Memoar låner ut sitt mobilstudio i ein periode slik at folk kan få forsøkt seg og biblioteket kan måla interessa. Me vonar jo at resultatet vert at Sund kommune fylgjer eksempelet frå Bergen og etablerer eit permanent intervjustudio og videoarkiv som sogelaget og andre interesserte kan nytta.
- **Historia før Mongstad på Mongstad:** Framfor kulturminnedagane i Austrheim i 2018 arbeider Memoar saman med bibliotek og sogelag for å utvikla ein idé om eit publikumsarrangement med fokus på livet og arbeidet i bygda før oljealderen endra alt. Tanken er å laga ein serie med einskildintervju på video som førebuing til eit arrangement med forteljarpanel under kulturminnedagane.
- **Krigshistoria i Radøy:** I løpet av 1990-åra vart det gjort ein serie opptak av munnleg historie om krigsåra på Radøy. Desse opptaka har vore til utlån som VHS-kassettar på biblioteket, men er no ganske nedslitne. Dei fleste har også kvitta seg med VHS-spelarane sine. Memoar arbeider med å digitalisera og republisera desse opptaka. Samtidig har me notert at dei som no kan fortelja om krigsåra, er folk som hugsar krigen som barndomsminner. Dette kan vera grunnlag for eit svært spennande arrangement der me ser videoklipp av forteljingane frå «dei gamle» (som no stort sett er borte), og så får høyra forteljingane til dei som var barn under den tida som dei gamle fortel om.

- **Andre idear på teiknebrettet:** Tidleg i «krafttaket» kontakta me alle kyst- og sogelag i Hordaland og alle bibliotek. Me lova å bruka arbeidstid på fellesprosjekt så langt KUPmidlene rekk. I tillegg lova me at interesserte kunne få låne teknisk utstyr til opptak, dokumentering, redigering, arkivering og publisering. Dette har ført til ei rekkje kontaktar. Bortsett frå dei som alt er nemnde, har me drøfta idear med biblioteka på Stord og Bømlo og sogelaga på Voss, Os og Fana.

Alle dess ideane kretsar rundt «kongstanken» om enkle intervju med «vanlege folk». Det er handlar både om å sikra at framtida får tilgang til eit breidt kjeldegrunnlag om vår tid – og å sikra *samtida* eit mangfald av forteljarstemmer.

Samordning og samhandling:

Samarbeidet med bibliotek og sogelag er strategisk viktig for Memoar: Visjonen vår er at alle bibliotek i Hordaland skal ha eit intervjustudio, og at alle kyst- og sogelag skal ha medlemmer som arbeider med samtidshistorie og samling av munnleg kjeldemateriale.

Museumsektoren:

Ei anna viktig gruppe av samarbeidspartnarar er muséa. Samarbeidet med Sjøfartsmuseet er alt nemnt. Me har også innleidd eit samarbeid med Bymuseet for å starta arbeidet med innsamling av munnleg kjeldemateriale som ein del av dei framtidige samlingane til eit brannhistorisk museum.

Me har besøkt Norsk Vassdrags- og industristadmuseum i Odda for å drøfta samarbeid om ei større innsamling av munnleg industrihistorie. I perioden 1975 til ca 1995 skjedde store endringar der mange tradisjonsrike verksemdar og yrker forsvann eller vart flytta til lågkostland. I dei industriane som vart att, skjedde grunnleggjande endringar av teknologi, organisasjon og kultur. Det er alt begynt å tynnast i rekkene av dei som sto midt oppe i dette. Memoar ynskjer å få i gang eit samarbeid om ei stor industriminneinnsamling i Hordaland. Både NVIM og Trikotasjemuseet i Salhus har viktige samlingar av munnlege kjelder, men dei er i liten grad tilgjengeleggjorte for ålmenta og dei er i endå mindre grad dokumenterte slik at dei eignar seg for publisering. Det er også ofte uklart om muséa har rett til å publisera, i og med at opptaka som oftast berre var tenkt til internt bruk i museet og at det difor ikkje vart gjort skriftlege avtalar om offentleggjering med informantane.

Det går ikkje så fort å utvikla nye prosjekt saman med musea. Dei har alle store og langsiktige prosjekt på gang og har små sjansar til å «hiva seg rundt». Med det er på same tid heilt avgjerande å få muséa til å fatta interesse for munnleg historie. Derfor er dette eit langsiktig arbeid som me vil prioritera i heile prosjektperioden. Fiskerimuseet har så langt det beste eksempelet på korleis munnlege kjelder kan bli brukt saman med gjenstandar til å tilføra liv og kvalitet i utstillingar.

Arkivsektoren:

Det har så langt ikkje lukkast å få til eit produktivt samarbeid med noko lokal- eller fylkesarkiv i Hordaland. Det kan sjå ut til at det er kortare vei fram til eit nasjonalt arkiv for munnleg historie, forankra i Norsk Folkemuseum og Norsk etnologisk gransking. Der samarbeider me svært godt, og Memoar er aktivt med i utviklinga av det kombinerte arkivet og formidlingsmediet Minner.no.

Etter vårt syn bør Hordaland ha infrastruktur og kompetanse til å ha sitt eige munnleg historiearkiv. Kostnadane med å lagra lyd- og videofilar er dramatisk reduserte, og dokumentasjonsmetodar og -teknikkar er i ei spennande utvikling. Etter kvart som aktiviteten rundt innsamling og dokumentering aukar i musé og sogelag, aukar også faren for at verdfullt materiale kan gå tapt viss ikkje arkivsektoren fylgjer med. Det er forståeleg at Fylkesarkivet og ulike lokale arkiv treng tid for å koma i gang med dette, og me er innstilte på å oppretthalda det mellombels privatarkivet så lenge det er naudsynt. Men me vil halda fram med initiativ i heile krafttaksperioden fram til utgangen av 2019.

Mellombels privatarkiv:

Med KUP-midler har Memoar nå bygd opp ein infrastruktur som fungerer i påvente av eit offentleg avleverings og -formidlingstilbod. Kort fortalt fungerer infrastrukturen slik:

- Råopptak vert lasta opp til skyteneste Dropbox.com, der Memoar har etablert ein såkalla «business account». Den gir oss i prinsippet uavgrensa lagringsplass.
- Frå Dropbox hentar me råfilane inn i skytenesta WeVideo.com, som er eit enkelt redigeringsprogram der me kan gjera dei endringane som skal til for å laga råstoffet om til ein publiseringsklar fil.
- Publiseringsfilen vert så lasta attende til Dropbox.com. Kvar forteljar (informant) får si eiga mappe med publiseringsfil, råfilar, avtaledokument og evt. anna digitalt materiale som ho/han ynskjer å avlevera.
- Dei publiseringsfilane som skal leggjast ut på Internett vert så lasta opp frå Dropbox.com til [Vimeo.com/Memoar](https://vimeo.com/Memoar). Derifrå kan dei så publiserast (embeddast) på nettsider som www.Memoar.no eller andre nettsider.

Når eit offentleg avleveringstilbod er på plass, vil innhaldet i ferdige (avleveringsklare) personmapper kunna overførast dit, truleg i prosjektvise samlingar (sjøfart, industri, krigsminne, lokalhistorie osv).

Avtaledokument:

Mehar no utvikla og forsøkt ut ei standard avtaledokument som avklarar opphavsrett og brukstillatelsar for opptak og publiseringsfilar. Det er bygd på logikken i Creative Commons, og er laga som ei trinnvis avtale der opphavskvinna eller -mannen kan stryka bruksrettar nedanfrå.

Dokumentet slår fast at det er forteljaren som er den primære opphavspersonen og den som avgjer bruksrett. Ho/han gir sitt samtykke til eit eller fleire av fylgjande:

- At det vert gjort eit opptak
- At opptaket vert lagra av Memoar.
- At opptaket vert dokumentert i form av ein logg med tidskodar som gir eit oversyn over innhaldet og kor dei ulike delane kan finnast.
- At opptak og dokumentasjonsark vert overlevert offentleg arkiv med alminneleg innsynsrett.
- At det vert laga ein publiseringsfil som er i samsvar med god presseskikk, og at denne kan publiserast på Internett.

Avtalen ser ut til å fungert godt i tilhøvet mellom forteljar og intervjuar. Me vil gjennomføra drøftingmøter både med Datatilsynet og me Samfunnsvitskapeleg datateneste for å sikra at ikkje dei ser andre problem med å kunna bruka dei..

Dokumentasjonsmetoden :

Me arbeider heile tida med å vidareutvikla dokumentasjonsmetoden vår, både for å gjera det enklare å bruka det munnlege kjeldematerialet, og for å effektivisera dokumentasjonsarbeidet. Me er godt nøgde med den metoden som me har no, og kjem ikkje til å leggjs mykjearbeid i vidareutvikling av den nesteår.

Når det gjeld innhalds- og såkalla geotagging, har me utsett vidare utviklingsarbeid til tredje prosjektår for å kunna prioritera kompetanseutvikling og spreing i 2017 og 2018.

Kompetanseutvikling:

Utvikling, spreing og vedlikehald av kompetanse har vore eit hovudfelt i arbeidet. Det har vist seg behov for arbeid på minst tre ulike nivå: Frivillige minnesamlarar i Memoar, sogelag og andre samanhengar treng grunnopplæring i praktisk minnesamling. Profesjonelle – tilsette i ABM-sektoren, profesjonelle minnesamlarar (oral historians) – treng både grunnopplæring og opplæring/utvikling av dokumentasjon og formidling. Og akademikarar treng fordjuping – ikkje minst i forskingsmetodikk.

Memoar har i fyrste halvår av prosjektet konsentrert oss om dei to fyrste. Me har som nemnt gitt alle musea og sogelaga i Hordaland tilbod om kostnadsfrie introduksjonskurs og lån av utstyr, så lenge midla frå Kulturelt utviklingsprosjekt strekk til. Me tenkjer at så lenge munnleg historie er eit uvant felt for mange, er det god strategi å gjera inngangstersklane så låge som mogleg for å få fleire til å prøva seg. Me tilbyr desse tre introduksjonskursa:

- **Introduksjonskurs:** Enkel innføring i teknikk, lys og lyd. Enkle øvingar i intervjusituasjonar. Drøfteing av etikk og opphavsrett, måletjingar med intervjuet og enkel intervjuteknikk.
- **Dokumentasjonskurs:** Korleis gjer ein munnleg kjeldemateriale tilgjengeleg for brukarane. Logging (stikkordsmessig innhaldsoversyn med tidskodar). Etikkvurderingar. Enkel redigering. Lagring og opplasting til digitalt arkiv. Nettpublisering.
- **Formidlingskurs:** Etikk og opphavsrett. Tidskodetaggning. QR-kodetaggning. GPS-tagging. Bruk av munnleg kjeldemateriale i foredrag, utstillingar, digitale vandringsruter, multimediale presentasjonar og nettpublikasjonar.

Det har vist seg mange fordelar med å køyra korte og tematisk konsentrerte kurs. Fordelane er at dei er enklare å få til og kortar avstanden fram til praksis med verkelege intervju. Erfaringa vår er at entusiasmen og læringskurven stig raskast etter at ein har begynt å intervjua/dokumentera/formidla. (Det same oppsummerer dei engelske læremeistrane våre i Oral History Society).

Etter at nye minnesamlarar har fått litt erfaring, er det særleg to områder der det er aktuelt med fordjupingskurs. I begge tilfellene er erfaringsutveksling ein viktig del av kursinnhaldet:

- **Minneteori:** Særtrekka ved munnlege kjelder. Dobbelttheten i minner, refleks av det som hende (for mange år sidag), og orda som vert forma på opptakstidspunktet. Korleis me hugsar – og korleis me gløymer. Minneintervjuteknikk. Forteljarrolle og intervjuarrolle.
- **Prosjektkurs:** Prosjektfokus, målgrupper, samarbeidspartnarar. Prosjektskildding. Budsjett. Finansiering. Organsiering. Framdrift. Evaluering. Formidlingsplan. Rekneskap. Sluttrapport.

Me har blitt tatt opp som medlemmer av Studieforbundet kultur og tradisjon, og vil difor kunne få både fagleg og økonomisk støtte derifrå til den vidare kursutviklinga. Me har ambisjonar om å gjennomføra introduksjonskurs fylgjande stader i andre halvår 2017 / fyrste halvår 2018: Sotra (Sund), Odda, Stord (Sunnhordland), Austrheim/Radøy (Nordhordland), Voss og Bergen (fleire kurs i Bergen).

Hordaland som nasjonalt kraftsentrum:

Me skal ikkje overdriva vekten av dette aspektet, men me vil gjerne ta med nokre ord om det. For det fyrste fekk me heilt i starten av krafttaksperioden oppleve at Bergen Kommune tildelte oss kommunen sin Kulturminnepris. Det har blitt lagt merke til utover i landet, og det har medverka til ei rekke invitasjonar til prosjektsamarbeid. Kort kan nemnast:

- **Norsk industriarbeidermuseum** har utvikla ein prosjektidéen «Arbeidsforteljingar» som ein del av sitt arbeid med den industrielle verdensarven i Telemark. Både Memoar og Sjøfartsmuseet i Bergen vart inviterte inn som partnarar i ein søknad til Kulturrådet. Den førte ikkje fram, men den delen av prosjektet som omhandlar Rjukanbanen fekk seinare støtte frå Norsk Jernbanemuseum. Memoar har sagt ja til å samarbeida om kursing og intervjuopptak.
- **Østfoldmuseene** har invitert Memoar til samarbeid om kurs og intervjuopptak i samband med sitt prosjekt «Borregårdsamfunnet». Det skal dokumentera livet på Borregård fabrikkar og samfunnet rundt, mellom anna med innsamling og bruk av munnlege kjelder.
- **Forskning:** Professor Olav Wicken ved Institutt for teknologi, innovasjon og kultur ved UiO har invitert Memoar inn som kompetanseressurs i ei større innsamling av munnleg kjeldemateriale om overgangen frå forvaltning til forretning i energisektoren i Agder og overføring av akkumulert kapital frå kraftsektoren til kultur/kompetanse.

- **Internasjonalt:** Leiarane av Norsk etnologisk gransking, Folkemminnesamlinga og Memoar (Audun Kjus, Line Esborg og Bjørn Enes) var like før jul 2016 på studiereise til [Cork Folklore Project](#) i Irland for å studera samarbeidet mellom academia og frivillige i innsamling, dokumentasjon og formidling av oral history i Cork, mellom anna delprosjektet [Cork Memory Map](#). Begge dei nasjonale kompetansemiljøa har uttrykt interesse for å delta i utvikling av liknande prosjekt i Hordaland.

Rekneskap – fyrste halvår av prosjektet:

Søknaden datert 30/6-2016 konkluderte med eit budsjett for fyrste utviklingsår på kr. 250.000,-

Av desse fekk me ei løyving på kr. 200.000,- I oppsettet nedanfor har me tatt med det opprinnelege budsjettet i kolonne 3. nedjustert budsjett i kolonne 4 og verkelege rekneskapstal per 30/5 2017 i kolonne 5:

Postar:	Budsj – søkn.	Budsj. Rev	Rekneskap:
1 Infrastruktur:			1. halvår
Mobilt intervustudio – innkjøp	kr 30 000,00	kr 29 530,00	kr 26 409,50
Arkivløyving – innkjøp	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 4 506,12
Publiseringskanal – innkjøp	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 5 599,98
Infrastruktur – arbeid	kr 50 000,00	kr 34 556,00	kr 15 974,00
Reisekostnader	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 0,00
Sum infrastruktur:	kr 110 000,00	kr 94 086,00	kr 52 489,60
2 Kompetanseutvikling			
Kursutvikling og gjennomføring	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 4 890,00
Samtykkedokument	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 4 890,00
Dokumentasjonsmetode	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 10 106,00
Emneordstaggning – innføring	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 3 260,00
utvikling av utstillingsformat	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 0,00
utvikling av geotagging	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 0,00
Utprøving av publikumsarrangement	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 3 260,00
Blogging	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 652,00
Reisekost	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 2 345,00
Sum kompetanseutvikling :	kr 90 000,00	kr 65 234,90	kr 29 403,00
3 Utviklingsarbeid – organisasjon			
Tematiske minneinnsamlingar – sjå prosjektbudsjett			
Fagutvikling	kr 20 000,00	kr 13 808,72	kr 6 846,00
Nettverksbygging	kr 10 000,00	kr 6 904,36	kr 13 692,00
Reise- og møtekostnader	kr 20 000,00	kr 20 000,00	kr 2 100,00
Sum organisasjon:	kr 50 000,00	kr 40 713,09	kr 22 638,00
Totalsum – år 1:	kr 250 000,00	kr 200 033,98	kr 104 530,60

Då me ikkje fekk finansiering for dei planane me hadde laga, valte me å prioritera infrastruktur. Utstyret må vera på plass før kurs og organisasjonsbygging gjev mening.

- Me har no bygd eit permanent studio i Bergen offentlege bibliotek, og eit mobilstudio som kan lånast ut til andre bibliotek, sogelag eller andre som ynskjer å arbeida med munnleg historie.
- Me har etablert ei løysing som privatarkiv i skytenesta Dropbox.com. Det vil kunna fungera fram til eit offentleg arkiv kan ta over.

I fyrste halvår har mobilstudio vore bruk i Sund, Os, Strandebarm, Bymuseet og Sjøfartsmuseet. I løpet av hausten skal det i tillegg brukast ei rekkje stader rundt i fylket.

Best resultat har det blitt av utlånet når me har kombinert det med kurs og samarbeid om opptak. Me har brukt 49 arbeidstimar og omlag det dobbelte i dugnadstimar for å utvikla og prøva ut infrastrukturen og læra opp samarbeidspartnarar.

Planar for andre halvår 2017:

I alt har me kr. 95.500 att av løyvinga me fekk for fyrste år. Me har tenkt å justera opp att kompetanseposten og leggja hvoudvekta på kompetansespreiing i hausthalvåret. Interesse for kurs er aukande, og me meiner at den infrastrukturen me no har fungerer tilfredsstillande inntil vidare.

Det opprinnelege budsjettet minus forbruket i fyrste halvår ser slik ut:

Postar:	Budsj. 2.halvår
Infrastruktur:	0
Mobilt intervustudio – innkjøp	kr 3 120,50
Arkivløyving – innkjøp	kr 5 493,88
Publiseringskanal – innkjøp	kr 4 400,02
Infrastruktur – arbeid	kr 18 582,00
Reisekostnader	kr 10 000,00
Sum infrastruktur:	kr 41 596,40
Kompetanseutvikling	
Kursutvikling og gjennomføring	kr 2 014,36
Samtykkedokument	kr 2 014,36
Dokumentasjonsmetode	-kr 3 201,64
Emneordstaggning – innføring	kr 3 644,36
utvikling av utstillingsformat	kr 6 904,36
utvikling av geotaggning	kr 6 904,36
Utprøving av publikumsarrangement	kr 3 644,36
Blogging	kr 6 252,36
Reisekost	kr 7 655,00
Sum kompetanseutvikling :	kr 35 831,90
Utviklingsarbeid – organisasjon	
Tematiske minneinnsamlingar – sjå prosjektbudsjett	
Fagutvikling	kr 6 962,72
Nettverksbygging	-kr 6 787,64
Reise- og møtekostnader	kr 17 900,00
Sum organisasjon:	kr 18 075,09
Totalsum – år 1:	kr 95 503,38

Planar og budsjett for år 2 (November 2017 – november 2018)

Me vil svært gjerne handa fram Krafttaket for munnleg historie i Hordaland. For oss er det heilt tydeleg at interessa er aukande for denne «nye» måten å driva kulturarbeid på. Men alle målgruppene for samarbeidsutspela våre er aktive med mange planar og prosjekt, og det er naturleg at det tar tid å lansera heilt nye arbeidsområde. Det er klokt av retningslinene for kulturelle utviklingsprosjekt i Hordaland har eit fleirårig perspektiv, og me ynskjer veldig sterkt at dette også

må gjelda for oss.

Kompetansedeling, kurs, fagutvikling og ein nasjonal konferanse om munnleg historie er dei viktigaste overksriftene på det me ynskjer å gjennomføra i år 2. Me vil styrka samarbeidet med dei sogelag og museum som me alt samarbeider med, og me vil arbeida vidare for ei permanent, offentlig løysing for bevaring av munnlege kulturminne. Viss ikkje me får det til i Hordaland, vil me arbeida for å få til ei nasjonal løysing i samarbeid med museumssektoren (truleg Folkemuseet) eller arkivsektoren og bibliotekssektoren (Nasjonallbiblioteket).

Slik ser vårt budsjett ut for år 2 krafttake for munnleg historie i Hordaland:

Budsjett 2018	Tim	Kost	Kjøp
Infrastruktur:			
Utvikling av fleire mobile/permanente studio			kr 30 000,00
Utvida brukarsamarbeidet om arkiv			kr 10 000,00
Utvida publiseringsløysinga			kr 10 000,00
Infrastruktur – arbeid	153	kr 50 000,00	
Reisekostnader			kr 10 000,00
kr 110 000,00		kr 50 000,00	kr 60 000,00
Kompetanseutvikling			
Kursutvikling og gjennomføring	123	kr 40 000,00	
Samtykkedokument		kr 0,00	
Dokumentasjonsmetode		kr 0,00	
Emneordstaggning – innføring		kr 10 000,00	
utvikling av utstillingsformat		kr 10 000,00	
utvikling av geotagging		kr 10 000,00	
Utprøving av publikumsarrangement		kr 0,00	
Blogging		kr 10 000,00	
Reisekost			kr 10 000,00
kr 90 000,00		kr 80 000,00	kr 10 000,00
Utviklingsarbeid – organisasjon			
Tematiske minneinnsamlingar – sjå prosjektbudsjett			
Fagutvikling / nasjonal konferanse	61	kr 20 000,00	
Nettverksbygging	31	kr 10 000,00	
Reise- og møtekostnader			kr 20 000,00
kr 50 000,00		kr 30 000,00	kr 20 000,00
Totalsum – år 1:		kr 160 000,00	kr 90 000,00
			kr 250 000,00

Søknad:

Basert på desse planane og søker me om kr. 250.000 gtil år 2 i prosjektet.

Til slutt vil me gjerne minna om kvifor me meiner at visjonen vår samsvarar med målsetjingane i den regionale kulturpolitikken:

Formidling og deltaking:	Samordning og samhandling:	Kunstnarleg nyskaping:
<p>Den frie, munnlege forteljinga inneheld myje meir enn ord: Tonefall, andlets- og handrørsler, blikk, geip, glimt, rykk, smil, flir, lått - og mange lag med undertekst.</p> <p>Munnlege forteljingar får særleg verdi når innhaldet ikkje vert styrt gjennom spørsmåla til ein statistikar, vinklinga til ein journalist eller filtreringa til ein vidareformidlar.</p> <p>Likevel har munnlege kjelder lenge hatt låg status i Noreg. <i>Den mest "hårete" ambisjonen vår er at det skal bli god folkeskikk for alle å fortelje under opptak ved viktige milepelar langs livsvegen.</i></p> <p>Memoar vil gjere det lett å få gjort slike opptak, å få dei bearbeidd slik at dei vert søkbare element i vårt kollektive minne - og å få på plass den infrastrukturen som skal til for at dette "kollektive minnet" skal ha form av eit ope offentleg arkiv.</p> <p>Me vil også at minnene skal kunne delast. Den <i>delingskulturen</i> som ser ut til å feste seg i vår tid er etter vårt syn grunnleggjande sunn og ei positiv motkraft til den <i>tilskodar-kulturen</i> som lenge prega moderniteten.</p> <p>Me vil gjere alle til deltakarar i utviklinga av den store forteljinga om vår tid.</p>	<p>Sjølv om munnlege forteljingar er den eldste av alle historiemetodar, så står Memoar for noko <i>nytt</i> når me vil samle minneforteljingar i masseomfang, gjere dei søkbare og leggje dei i offentlege arkiv for bevaring i all framtid.</p> <p><i>Me ynskjer å konsentrere oss om dette "nye" (fokus og kompetanse på innsamling, dokumentasjon, arkivering og tilretteleggjing for bruk av munnleg historie).</i></p> <p>Men me kan ikkje gjere det på ein einaste plass utan <i>samhandling</i> og <i>samordning</i> med dei som alt er på dei ulike samfunnsområda:</p> <ul style="list-style-type: none"> - bibliotek, museum, arkiv, - kyst- og sogelag, lokal- og organisasjonshistorikarar, slektsgranskarar - kunstnarar, forskarar. <p>Alle treng betre metodar og kunnskapar om munnleg historie - og me treng samhandling med alle.</p>	<p>I søknadsskjemaet for KUP-midler har me ikkje kryssa av for dette programområdet.</p> <p>Men me <i>kunne</i> ha gjort det, for der er uklare grenser for kva som er samling og formidling av munnleg dokumentasjon, og kva som er nyskapinge kunst.</p> <p><i>Forteljarkunsten i seg sjølv</i> er eit folkeleg kulturuttrykk som kanskje fortener ein rennessanse - både som "folkeleg" og profesjonell kunstform?</p> <p>Munnleg historie er også ein av dei viktigaste (og eldste) formen for kjeldemateriale til litteratur, film, utøvande og visuelle kunstformer.</p> <p>Kan det ikkje tenkjast at eit mangedobla tilfang av fyrstehands munnlege kjelder også vil kunne styrke alle kunstformer?</p> <p>Ligg det ikkje også materiale til heilt nye kunstformat i denne visjonen?</p>

Bergen 31. mai 2017

For Memoar

Bjørn Enes

A handwritten signature in blue ink, reading "Bjørn Enes". The signature is written in a cursive style with a prominent vertical stroke at the end.